

SAKSFRAMLEGG

UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Hovudutval for utvikling	19.02.2013	019/13	STRARN

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
13/107	13/915		Arne Straum

Forslag om innskrenkingar i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering - høyring

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
18.02.2013	Hoeringsnotat_Forslag_om_innskrenking_av_odelskrets en.pdf	58546

Saksopplysninger:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut høyringsnotat med forslag om endringar i lov 28.6.1974 nr. 58 om odels- og åsetesretten (odelslova). Forslaga er ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 9 (2011-2012) om Landbruks- og matpolitikken (landbruksmeldinga).

Departementet har føreslege å endra odelskretsen til berre *barn av eigar med odelsrett kan ha odelsrett*.

Grunn til forslaget er fylgjande: Når t.d. ein eigedom vert overteken av ein odelsretthavar langt ut i odelsrekkja, kan det vera ein som har liten tilknytning til garden og drifta. Borna veks oftast opp på garden har tilknytning til han.

Då forslaget vart vurdert å vera i strid med Grunnlov § 107, vart det føreslege at i tillegg skal *barnebarn av siste eigar* også ha odelsrett.

Som ei oppfylgjing av landbruksmeldinga foreslår departementet vidare å oppheva odelslova § 31 om odelsfrigjering ved overtaking av tilleggsjord til landbrukseigedom.

Vurdering:

Odelsretten har djupe røter i Noreg. Den har hatt stor sosial, økonomisk og politisk verknad. Odelsretten byggjer på at landbrukseigedomar ikkje skal vera ei vanleg handelsvare som det kan spekulera i, men brukast slik at odelseigedomane kan verta omsett til ein pris som kan gjera landbruksdrifta økonomisk forsvarleg. Ein bonde med odelsrett har hatt ei sikring å falla attende på i skiftande tider. Med odelsrett har ein og vist kven som i utgangspunktet skulle overta eigedomen. Slektskapstilknytning til garden ville ein heller ikkje hatt utan odelsretten.

Men tidene har endra seg. Odelsretten som økonomisk ”redningsplanke” for familien er ikkje så sterk til stades no som tidlegare. Slektskapstilknytninga er heller ikkje så sterk i dag. Det er i fyrste rekkje dei som er oppvaksne på garden som har ein slik tilknytning til han at det kan forsvarast å gje løysingsrett i ei elles fri og lovleg omsetting.

I dag har utanom odlaren, også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har eigd heile egedomen med odel. Som presisert i høyringsnotatet vil det i fyrste rekkje vera borna til eigaren som har tilknytning til garden sidan desse vanlegvis har vakse opp der.

Oppheva odelslova § 31.

Odelsfrigjering etter odelslova § 31 er aktuelt i saker der ein odelseigedom er seld som tilleggsjord og kjøpar blir møtt med odelsløysing. Det har vist seg å vera få søknader om odelsfrigjering. Statistikken viser ca. åtte i gjennomsnitt dei siste åra på landsbasis. Ved å redusera odelskretsen, kan ein rekna med at det vert enno mindre slike søknader. Avgjersler om odelsfrigjering byggjer på ein samansett vurdering og er svært ressurskrevjande for landbruksforvaltninga.

Fordel med enklare reglar og redusert ressursbruk i offentleg forvaltning skulle vera gode nok grunnar til å oppheva jordlova § 31.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune sluttar seg til departementet sitt forslag om innskrenking av odelskretsen og oppheving av ordninga med odelsfrigjering av tilleggsjord.

Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 19.02.2013

HU-019/13 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.